



VINDAFJORD KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval:	Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting
Møtestad:	Rådhuset
Dato:	06.11.2025
Tid:	Kl. 10:30 - 12:47

Følgande medlemmer møtte Parti

Arne Løtvedt	-
Kristin Sandvik	-
Nesheim, Ragnar	-
Tore Haaland	-
Lilleland, Wenche S	AP
Berge, Geir Erik	H

Forfall	Parti	Varamedlemmer	Parti
Synneva Langhelle	-	Anne Marie Roda	

Møtenotater:

Innkalling og saksdokumenta vart sendt medlemmene 30.10.2025.
Tileggsinnkalling vart sendt medlemmene 04.11.2025.

Møte vart leia av Wenche Sandbekken Lilleland.

1 av medlemma hadde forfall, Synneva Langhelle.
1 varamedlemmer møtte, Anne Marie Roda.
Møtet vart derfor gjennomført med 7 av 7 medlemmer.

Frå administrasjonen:
Anne Sofie Sandvik, rådgjevar
Inger Olaus Sandvik - politisk sekretariat
Mona Kristin Haraldseid - politisk sekretariat

Kommentar til innkalling: Ingen
Kommentar til sakliste: Ingen

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
022/25	Godkjenning av møteprotokoll
023/25	Referatsaker
024/25	Orienteringssaker
025/25	Investering for samlokalisert Vindafjord omsorgssenter inn i framtida
026/25	Budsjett 2026 og økonomiplan 2026–2029
028/25	Plan for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtfersdvanskar 2026-2030
027/25	Spørsmål til administrasjonen

022/25 Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Møteprotokollen frå forrige møte vert godkjent som han ligg føre.

06.11.2025 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt med 7 stemmer.

REF - 022/25 Vedtak:

Møteprotokollen frå forrige møte vert godkjent som han ligg føre.

023/25 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

06.11.2025 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt med 7 stemmer.

REF - 023/25 Vedtak:

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

024/25 Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

06.11.2025 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Orientering av Jane Alvseike Austrheim og Beate Tandrevold, Vikedal Laugarlag om universell utforma badstu på moloen i Vikedal.

REF - 024/25 Vedtak:

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

025/25 Investering for samlokalisert Vindafjord omsorgssenter inn i framtida**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tek saka til orientering. Heildøgns omsorgsplassar i Vindafjord Kommune må samlokalisertast for å oppnå meir effektiv drift og kommunestyret tilrår at det vert arbeidd vidare med dei 3 tilrådde alternativa for samlokalisering til eit felles Vindafjord omsorgssenter. Kommunestyret ber kommunedirektøren om at det blir sett av midlar til planlegging og gjennomføring av denne investeringa i budsjett- og økonomiplan 2026-2029, og ta høgde for at heile investeringa ikkje er gjennomført før i 2030.

06.11.2025 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting**Behandling**

Anne Sofie Sandvik, rådgivar FDU orienterte om investering for samlokalisert Vindafjord omsorgssenter inn i framtida.

REF tek saka samrøystes til orientering.

REF - 025/25 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

04.11.2025 Formannskapet**Behandling**

Anne Sofie Sandvik og Frode Eike orienterte om saka før handsaming.

Tilleggsforslag frå Anna K. Steinsland (VIL):

Kommunestyret ber om at det i den vidare planlegginga vert vurdert eit **4.** alternativ.

Alternativet skal byggje vidare på den eksisterande bygningsmassen på Vindafjordtunet (eldre og ny del, inkludert omsorgsbustader).

4 Vindafjordtunet vidareutviklast som hovudarena for eit samlokalisert Vindafjord omsorgssenter.

Det skal vurderast korleis tunet kan gi ei samla løysing med om lag 80-85 plassar ved bruk av eksisterande bygningsmasse, og korleis mindre bygningsendringar og eventuelt påbygg kan gjere bygget endå meir funksjonelt og gi mulighet for å utvide til 100 plasser.

Kostnader til vidareføring av eksisterande institusjonskjøkken på bygget skal òg takast med i vurderinga.

Alle utgreiingane må vurdere kva konsekvensar dei ulike alternativa vil kunne ha for å behalde og rekruttere fagutøvarar og frivillige. Dei må og sei noko om restverdi på eventuelle bygningar som vil kunne bli ståande utan kommunal funksjonar, inkludert mogleg alternativ bruk eller sal.

Utgreiingane skal leggje vekt på kvalitet, lågare investeringskostnad, ivaretaking av restverdi, moglegheit for vidareføring av eksisterande institusjonskjøkken, reell medverknad frå fagpersonell, og reduserte lånebehov for kommunen.

Tilleggsforslag frå Modolf Haraldseid (H)

Nytt alternativ 5- Vindafjord omsorgssenter med 100 plassar ved å bygge nytt senter i Ølen. Det skal vurderast ulike alternative plasseringar i Ølen med vekt på kva synergieffekt eit slikt senter kan gi saman med eksisterande tilbod for å utvikla Ølen som kommunesenter.

Forslag til tilleggspunkt fra Mats Årvik (FrP):

Nytt punkt 6:

Produksjonskjøkken skal være med dei ulike alternativa, som ein mogleg opsjon. slik at kostnadene rundt dette blir belyst.

Etter eit gruppemøte blei det lagt fram eit fellesforslag frå heile formannskapet, lagt fram av Øyvind Valen (AP):

1. Kommunestyret tek saka til orientering. Heildøgns omsorgsplassar i Vindafjord Kommune må samlokalisertast for å oppnå meir effektiv drift og kommunestyret tilrår at det vert arbeidd vidare med dei 3 tilrådde alternativa for samlokalisering . I seinare budsjettforslag ber kommunestyret kommunedirektøren ta høgde for at heile investeringa ikkje er gjennomført før i 2030.

Kommunestyret ber om at det blir arbeidd vidare med dei tre alternativa med desse tillegg:

a) Produksjonskjøkken skal vera med i dei ulike alternativa som ein opsjon.

b) Vindafjordtunet vidareutviklast som hovudarena for eit samlokalisert Vindafjord omsorgssenter. Det skal vurderast korleis tunet kan gi ei samla løysing med om lag 80-85 plassar ved bruk av eksisterande bygningsmasse, og korleis mindre bygningsendringar og eventuelt påbygg kan gjere bygget endå meir funksjonelt og gi mulighet for å utvide til 100 plasser.

c) Vindafjord omsorgssenter med 100 plassar ved å bygge nytt senter i Ølen. Det skal vurderast ulike alternative plasseringar i Ølen med vekt på kva synergieffekt eit slikt senter kan gi saman med eksisterande tilbod for å utvikla Ølen som kommunesenter.

3. Alle utgreiingane må vurdere kva konsekvensar dei ulike alternativa vil kunne ha for å behalde og rekruttere fagutøvarar og frivillige. Dei må og sei noko om restverdi på eventuelle bygningar som vil kunne bli ståande utan kommunal funksjonar, inkludert mogleg alternativ bruk eller sal.

Utgreiingane skal leggje vekt på kvalitet, lågare investeringskostnad, ivaretaking av restverdi, moglegheit for vidareføring av eksisterande institusjonskjøkken, reell medverknad frå fagpersonell, og reduserte lånebehov for kommunen.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak sett opp mot nytt fellesforslag , lagt fram av Ø. Valen (AP). Nytt fellesforslag vart samrøystes vedtatt med 9 stemmer.

FS - 084/25 Vedtak:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret tek saka til orientering. Heildøgns omsorgsplassar i Vindafjord Kommune må samlokalisertast for å oppnå meir effektiv drift og kommunestyret tilrår at det vert arbeidd

vidare med dei 3 tilrådde alternativa for samlokalisering . I seinare budsjettforslag ber kommunestyret kommunedirektøren ta høgde for at heile investeringa ikkje er gjennomført før i 2030.

Kommunestyret ber om at det blir arbeidd vidare med dei tre alternativa med desse tillegg:

- a) Produksjonskjøkken skal vera med i dei ulike alternativa som èin opsjon.
- b) Vindafjordtunet vidareutviklast som hovudarena for eit samlokalisert Vindafjord omsorgssenter. Det skal vurderast korleis tunet kan gi ei samla løysing med om lag 80-85 plassar ved bruk av eksisterande bygningsmasse, og korleis mindre bygningsendringar og eventuelt påbygg kan gjere bygget endå meir funksjonelt og gi mulighet for å utvide til 100 plasser.
- c) Vindafjord omsorgssenter med 100 plassar ved å bygge nytt senter i Ølen. Det skal vurderast ulike alternative plasseringar i Ølen med vekt på kva synergieffekt eit slikt senter kan gi saman med eksisterande tilbod for å utvikla Ølen som kommunesenter.

3. Alle utgreiingane må vurdere kva konsekvensar dei ulike alternativa vil kunne ha for å behalde og rekruttere fagutøvarar og frivillige. Dei må og sei noko om restverdi på eventuelle bygningar som vil kunne bli ståande utan kommunal funksjonar, inkludert mogleg alternativ bruk eller sal.

Utgreiingane skal leggje vekt på kvalitet, lågare investeringskostnad, ivaretaking av restverdi, moglegheit for vidareføring av eksisterande institusjonskjøkken, reell medverknad frå fagpersonell, og reduserte lånebehov for kommunen.

026/25 Budsjett 2026 og økonomiplan 2026–2029

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2026 og økonomiplan for 2026–2029 i tråd med vedlagte økonomiske oversikter.
 - a. Framlegg til netto driftsrammer per rammeområde i 2026 blir vedtatt, jf. § 5-4 sum løyvingsoversikt drift andre ledd, slik:
 - i. Administrasjon og fellesdrift: kr 69 795 608
 - ii. Oppvekst og kultur: kr 306 540 136
 - iii. Helse og omsorg: kr 388 557 684
 - iv. Forvaltning, drift og utvikling: kr 64 352 520
 - b. Framlegg til investeringsbudsjett med sum investeringsutgifter på kr 132 900 000 blir vedtatt, jf. §5-5 løyvingsoversikt investering første og andre ledd.
 - c. Framlegg til mål, delmål, strategiar, tiltak og verbalvedtak/oppdrag vert vedtekne slik dei går fram av budsjett og økonomiplan.
2. Kommunestyret vedtar låneporteføljen til Vindafjord kommune slik den går fram av vedlagt gjeldsoversikt og godkjenner:
 - a. Nytt låneopptak på kr 116 372 000 til finansiering av investeringsbudsjettet.
 - b. Nytt låneopptak på kr 20 000 000 frå Husbanken til vidare utlån.

- c. At alle lån i porteføljen kan verta refinansiert i inneverande år og budsjettåret 2026. Kommunedirektøren står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna han finn formålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.
 - d. Ein trekkrett på inntil 20 mill. kr i tillegg til vedtekne låneopptak.
3. Kommunestyret vedtek satsar og gebyr for kommunale tenester i 2026 i tråd med framlegg til gebyrliste.
4. Kommunestyret vedtek at skatt på inntekt og formue for 2026 vert utskriven i samsvar med det høgaste skattøyre som Stortinget vedtar.
5. Kommunestyret vedtek at det skal krevjast eigedomsskatt for alle faste eigedomar i Vindafjord kommune i 2026, jf. eigedomsskattelova (ekstl.) § 3 bokstav a.
- a. Den generelle skattesatsen som skal gjelde for skattepliktige eigedomar vert sett til 6,5 promille, jf. ekstl. § 13.
 - b. For bustader og fritidseigedomar vert satsen sett til 4 promille, jf. ekstl. § 12a.
 - c. For utskriving av skatt på bustadeigedomar nyttar kommunen Skatteetaten sitt formuegrunnlag der dette er fastsett, jf. ekstl. § 8 C-1.
 - d. Nyoppført bygningar som heilt eller delvis vert brukt som bustad får fritak frå eigedomsskatt etter ekstl. § 7 bokstav c) i 5 år med verknad til kommunestyret a) endrar tal fritaksår eller b) opphevar fritaket.
 - e. Med heimel i ekstl. § 7 a og b, vert eigedommar åt stiftingar og institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten, samt bygningar med historisk verdi, friteke frå eigedomsskatt etter vedlagt fritaksliste. Andre eigedommar som er eigd av stiftingar eller institusjonar vil verte vurdert fritatt av kommunestyret på grunnlag av søknad.
 - f. Eigedomsskatten skal betalast i ein, fire eller tolv terminar, jf. ekstl. § 25.

06.11.2025 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Sak Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 vart samrøystes teken til orientering av medlemmene i REF.

REF - 026/25 Vedtak:

Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 vert teken til orientering.

04.11.2025 Formannskapet

Behandling

Sak Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 vart samrøystes teken til orientering av medlemmene i formannskapet.

FS - 087/25 Vedtak:

Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 vert teken til orientering.

028/25 Plan for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar 2026-2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar planen slik den ligg føre.

06.11.2025 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert teke til orientering.

REF - 028/25 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

027/25 Spørsmål til administrasjonen

06.11.2025 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Svar 1

Som ein tidlegare har svart ut er ein godt kjent med problemstillingane knytt til toalettforholda ved dagtilbodet på Vindafjordtunet. Det mest sannsynlege løysninga vil kanskje være nye lokaler. Det er pr no ikkje gjort nye undersøkingar knytt til alternative lokaler, men det kan være aktuelt å undersøkje Arken og Vindafjordhallen om dette kan være alternativer og kva kostnad det evt vil medføre.

Nytt dagsenter vil også være ein del av diskusjonen knytt til ny felles institusjon, då husbanken gir ekstra tilskot til slike formål.

Svar 2

Det vil være eit stort behov for frivillige framover og frivillighetssentralen vil være sentral i dette arbeidet. Samarbeid med frivillige org. Og lag som pensjonistforbundet, lokal demensforening m fleire vil også være viktige samarbeidspartnarar. Utvikling av samarbeidet med frivillige er også eit viktig område i ny helse og omsorgsplan.

Svar 3

Ein kan be om at kommunaltekniske tenester vurderer å sette opp ein nøkkelboks, men det må evt gjerast avklaringar av kven som skal ha tilgang til denne. Fellesarealet er ein del av bustad tilbodet til bebuarane i Vikedalstunet som dei skal kunne nytte når dei ynskjer.

Svar 4

Sykkelen som tidlegare sto på Vindafjordtunet blir no brukt på Ølen omsorgsenter i samarbeid med korttid og fysio/ergo terapitenesta. På Vindafjordtunet sto den diverre mykje ubrukt, då det var vanskeleg å finne eit godt opplegg rundt bruk av sykkelen. Ei anna problemstilling er at full effekt av

Motiview sykkel med bruk av filmar får ein kun ved å betale ein svært kostbar årleg lisens. Sjukeheimen har ikkje sett at ein har ledige driftsmidler til å betale desse driftsutgiftene.

REF - 027/25 Vedtak: